



Årsmelding 2016

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.16 - 136 medlemmar. Det stod 31 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 27 personar med adresse Naustdal og 4 personar med adresse i andre kommunar.

Styret har hatt 5 styremøter i 2016 og eitt styremøte i januar 2017 for å førebu årsmøtet. Styret har handsama 37 saker. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredsstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2016 var eit ordinært år utan store investeringar. Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er venteliste for båtplassar og plassar som vert ledige vert raskt overtakne av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8-meters plassar, men også 4-meters plassar som vert ledige har hittil vore overtakne av andre medlemmer. Etter § 20 i lov for SA Naustdal båtlag har eigar av båtplass plikt til å informere styret om utleige av plassen. Dette blir ikkje alltid oppfølgd av alle, og det skapar problem for hamnesjefane som ikkje veit kven som eig båtar i hamna.

Styret har arbeidd litt med planer for utviding av hamna med nye båtplassar, og det er også laga skisser til «klubbhus» for båtlaget. Men båtlaget sin økonomi er ikkje sterkt, og større investeringar kan ikkje pårekna utan vesentleg delfinansiering frå andre.

Det økonomiske resultatet av drifta i 2016 viser eit underskot kr. 14122,-. Årsaka til underskotet er kostnader med dieselanlegget, straumutgifter og større kostnadars dugnad enn budsjettet. Resultatet i 2015 var eit underskot kr. 59 226 . Det viktigaste styret har arbeidd med i året er nemnt nedanfor i årsmeldinga.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2016.

Styret:

Leiar:	Egil Gulholm	på val 2017
Skrivar:	Oddbjørn Schei	på val 2018
Kasserar:	Sverre Nordgård	på val 2017
Nestleiar:	Daniel Stave	på val 2018
Styremedlem:	Jan Petter Sæbø	på val 2017

Revisor:	Svein Øverland	på val 2018
	Bjørn Olav Erdal	på val 2017

Valnemnd:	Henning Svoen	på val 2017
	Harald Myklebust	på val 2018

Rekneskapsførar

Styret har i 2016 hatt avtale med Sverre og Olaug Nordgård som rekneskapsførarar for Naustdal Båtlag. Arbeidet omfattar å føre rekneskap, betale rekningar, sende ut faktura, ajourføre medlemslister, sal og kjøp av båtplassar, oppdatere venteliste og andre oppdrag knytt til økonomiske forhold i samråd med styret. Godtgjersle er betalt med kr. 16.000 + dekning av forbruksartiklar m.m.

Hamnesjefar

Henning Svoen, Leif Hafstad og John Bendiksen har vore hamnesjefar i 2016. John Bendiksen er ansvarleg for å administrere utleige av straummålarar i båthamna. Han skal også sjå til at bruk av straum i båthamna skjer i samsvar med hamnereglane. Hamnesjefane har vore kalla inn til dei fleste styremøta. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter. Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Godtgjersle til tillitsvald

Skrivar og leiar i båtlaget har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 6 båtplassar i 2016, fire 4 meter plassar og to 8 meter plassar.

Det står 31 på venteliste for kjøp av båtplass. Av desse har 6 allereie båtplass.

Investeringar i båthamna

Det er innkjøpt kjetting til bruk i samband med fortøyning. Det er også skaffa stolpar til same formål. Det er montert oppslagstavle i vestre hamn. Tavla er laga av Ståle Nordnes og båtlaget har overteke den frå Naustdal kommune.

Internkontrollsysteem opp mot HMT (Helse-Miljø-tryggleik) er etablert.

Lagerplass i båthamna

Den innkjøpte containeren i vestre hamn er innreia med hyller og reolar. Dette arbeidet er ikkje ferdig og det er planer om å etablere eit varmt lager i deler av containeren.

Tomtegrense vest.

Tomtegrensa mellom båthamna og nabo mot vest (Gundersen) har i 2016 fått ei endeleg avklaring. Avtale mellom Naustdal kommune og Gundersen er inngått og tinglyst. Den nye grensa er «innmålt» og den er merka i terrenget. I samband med dette vart opplags-/parkeringsplassen mot vest oppgradert, sjå nedanfor.

Dugnad

I 2016 vart det utført 305 timer dugnad i båthamna, og av desse vart 305 timer godtgjort med kr. 100,- pr. time. Totalt vart det utbetalt kr. 30.500 i dugnad. I tillegg har styremedlemmane til saman utført ca. 160 timer dugnad i samband med interne og eksterne møter, arbeid med saker mv.

Opplags/parkeringsplass vest er rydda og grusa. Det er støypt ny trapp ned til bua i vest for å begrense sig av lausmassar og vatn gjennom bua. Dette arbeidet vart utført av eit arbeidslag på 6 medlemmer. Utstyr vart dels lånt inn frå medlemmer og dels lånt inn frå andre.

I austre hamn er det sett ned 4 pålar i samband med fortøyning. Nødvendig utstyr til dette er innleigd/innlånt. Fortøyning vart montert av eit arbeidslag på 5 medlemmer. Det er nytta ein kombinasjon av kjetting og tauverk til fortøyninga.

Det er byta ut kledningsbord i bua i vest og det er sporadisk byta ut därlege bord i flytebryggene. Det er utført vedlikehald og service på kortlesarar på begge dørene.

Elles har det vore løpende vore utført rydding av skrot og bos som vert liggande att i båthamna. Avfall/bos vert køyrt til og levert på Einestølen (SUM) Ein god vane å få inn er at alle ryddar etter seg. Ein kan då få eit meir ryddig og triveleg anlegg å ferdast i.

Møte med Naustdal kommune

I 2016 har båtlaget delteke i møter med Naustdal kommune, der vi informerte kommunen om båtlaget sin investerings- og prosjektplan for perioden 2014-2017. Det var teke opp med kommunen om det er mogeleg å søkje om eksterne midlar til nokre av prosjekta.

Nabogrensa mellom båthamna og grunneigar mot vest (Gundersen) er no endeleg fastlagt og stadfesta.

Investering- og vedlikehaldsplan for 2014-2017

Eit av prosjekta som var sett opp i investering- og vedlikehaldsplanen i 2015 var utbygging av fleire båtplassar på innsida av moloen og mot fylkesvegen. Vi har hatt kontakt med kommunen og Statens vegsen og slik det ser ut må det gjerast ei grundig konsekvensanalyse om vi skal få etablert brygger opp mot fylkesvegen. Årsaka er därleg grunnforhold og ein er usikker på om massar under fylkesvegen kan gli inn i båthamna. Denne saka har heller ikkje i 2016 fått noko avklaring, og det er tvilsamt om Statens vegvesen vil gje samtykke til etablering av faste båtfester langs fylkesvegen.

Kva gjeld dei andre prosjekta i investering- og vedlikehaldsplanen viser vi til revidert plan som vert lagt fram som eiga sak til årsmøtet.

Lover

Lovene var sist revidert på årsmøte 2016, mellom anna for å tilfredstille krav frå Brønnøysund registeret for registrering.

Pris på straum og diesel

Styret fastset pris på straum og diesel. Styret har utarbeidd retningslinjer for fastsetjing av straum som vil gjelde for 2017. Styret meiner båtlaget ikkje skal tene på sal av straum til medlemmar.

Kva gjeld diesel vert dieseltanken fylt opp 2-3 gonger i året. Utsalsprisen på diesel ved dei ordinære bensinstasjonane varierer frå veke til veke og marginen mellom innkjøp og sal av diesel er ikkje høge.

Båtlaget kan ikkje regulere utsalsprisen like ofte som dei ordinære bensinstasjonane, men samtidig må vi sikre oss ein margin der vi minimum dekkjer dei reelle kostnadane. Styret har utarbeidd retningslinjer for fastsetjing av pris på diesel i båthamna. Retningslinjene er tilgjengeleg på heimesida.

MVA.

Styret har i 2016 hatt brevskifte med Skatteetaten om eventuell registrering i Meirverdiavgiftsregisteret. Det er no konkludert med at SA Naustdal båtlag ikkje er MVA-pliktig.

SMS varsling

Båtlaget kan no tilby SMS varsling til medlemmane. Det kan for eksempel vere aktuelt i samband med forhold i båthamna, uvær etc. eller ei påminning om årsmøte, dugnad mv. Ordninga er gratis for medlemmane. Ønskjer du SMS varsling må styret ha ditt mobilnummer. Send ein SMS til styret ved Daniel Stave, mobil [908 35 306](tel:90835306) og skriv i meldinga «Ønskjer varsling» og ditt namn.

Heimesida

Styret vil oppmode medlemmane om å sende inn forslag til kva informasjon som bør vere aktuelt å leggje ut på heimesida.

For styret

Egil Gulholm
-leiar-